

Viser til e-post korrespondanse:

Søknad om tilskot til hurtigladestasjon i Skjolden

Ladestasjon Skjolden i Luster kommune

Luster kommune tok initiativ til å få etablert ein hurtigladestasjon i kommunesenteret Gaupne i 2017. Denne ladestasjonen har to ladepunkt og er etablert ved kjøpesenteret Pyramiden. Ladestasjonen er finansiert av Luster kommune og Enova. Det er Grønn Kontakt som driftar ladestasjonen.

I Luster kommune sin økonomiplan er det prioritert at neste hurtigladestasjon i Luster kommune skal etablerast på Skjolden. Skjolden ligg på FV55 «nasjonal turistveg Sognefjellet» ca 30 km frå Gaupne. Frå Skjolden over Sognefjellet til Lom, der neste hurtigladestasjon er, er det ca 80 km. Det er og ein svært «energikrevjande» stigning frå 0 til 1430 moh over Sognefjellet, det krev opplada batteri.

Det er så langt vi veit ingen kommersielle aktørar som bygger hurtigladarar på ein slik plass som Skjolden. Sjølv om trafikken er god i sommarhalvåret er Sognefjellet vinterstengt. Luster kommune vil/må difor finansiere det som er nødvendig for å få etablert ladestasjon her. Vi ser at trafikken av elbilar aukar mykje, det er derfor behov for å få på plass hurtigladestasjon på Skjolden. Det er eit aktuelt parkeringsareal som Luster kommune eig ved butikken og hotellet på Skjolden som kan nyttast til ladestasjon. Det har vore kontakt med Luster energiverk som kan føre fram straum i rett mengde og styrke til dette punktet.

Etter drøfting med BKK har Luster kommune vurdert det til at det skal etablerast to tre ladestolpar. 1 stk. 150 kW, 1 stk. 50 kW og ein stolpe med to vanlege ladepunkt. 150 kW stasjonen vil kunne lade to bilar om gangen og 50 kW stasjonen ein bil. Begge vil ha CCS- og chademo kontakt.

Det er ikkje avklart kven som skal drifte stasjonen, men i telefonsamtale uttalte BKK seg interessert i å vere med.

Budsjett:

Ladepunkt 150 kW	kr 500.000,-
Ladepunkt 50 kW	kr 250.000,-
Ladepunkt (vanleg)	kr. 50.000,-
Bygg/leskur	kr. 150.000,-
Grunnarbeid	kr. 50.000,-
Elektro	kr. 250.000,-
Nettstasjon (400 kW)	kr 500.000,-
Framføring straum, grøft og asfalt	kr. 50.000,-
<u>Prosjekt/byggjeleiing</u>	<u>kr. 50.000,-</u>
Totalt eks. mva.	kr.1.850.000,-

Totalt vil etablering av ein hurtigladestasjon, inkl. framføring av straum, ha ein kostnad på ca. kr 2,3 mill. inkl. mva.

Med helsing

Jan Magne Svåi
Leiar eigedom
Tlf: 57 68 55 04 / 414 71 533